

Retningslinjer for innsamla midlar til trusopplæring i Vindafjord.

Vedtatt av FUT mai/august 2017. Lagt fram for sokneråda pr. 1. okt. 2017

1. Bakgrunn og føremål

Gjeld midlar som er samla inn av sokneråda og FUT med føremål Trusopplæring i Vindafjord (på kontonummer 3240.07.61573).

Etter tildeling av statlege midlar frå 1. juli 2014 skal ein del av dei innsamla midlane vere eit supplement til Fellesrådet sitt budsjett for trusopplæring, der statlege midlar utgjør største delen, kommunale midlar neste delen og midlar frå sokneråda/FUT ein mindre del (inntil 15 % av andelen statlege midlar), jfr. Eigen avtale mellom Sokneråda og Fellesrådet mai m.fl. 2015.

Av dei innsamla midlane kan ein mindre sum pr. år fastsett ved vedtak i FUT (kr 40 000 frå 2017) bli brukt til å **støtte opp om trusopplæringstiltak i regi av det frivillige arbeidet i kommunen, og som IKKJE kjem inn under kriteria for tildeling av statlege midlar til trusopplæring.**

2. Kven kan søkje?

Lag, organisasjonar og einskildpersonar som driv eller vil starte aktivitetar og tiltak som bidreg til opplæring i den kristne trua av barn 0 – 18 år i Vindafjord, og som identifiserer seg med trusgrunnlaget til Den norske kyrkja.

Gjeld ikkje:

- a) Sokneråda som primært presenterer sine behov og ønskje gjennom lokale utval for trusopplæring og FUT, samt innspel til Fellesrådet sitt budsjett.
- b) Tiltak som dei tilsette står for (kateket og trusopplærarar) som ikkje kjem inn under kriteria for tildeling av statlege midlar. Dei skal dekkast av den kommunale delen av budsjettet eller sokneråda sin del av budsjettet for trusopplæring, og IKKJE dekkast av denne potten.

3. Kva kan ein søkje tilskott til?

- Oppstarttilskott
 - Ein kan søkje om tilskott til oppstart av nye lag. Tilskott bli avgrensa oppover til kr 2000. Ved fastsetjing av tilskottssum tek ein omsyn til aldersgrupper og andre eksisterande tilbod i nærområdet.
- Arrangement
 - Det kan gjevast underskottsgaranti med inntil 20 % av totale utgifter, maks. kr 3000.
 - Det er ein førsetnad at tiltaket er ope for alle, evt. alle innan avgrensa alderssteg.
- Utviklingsprosjekt
 - Det kan gjevast inntil 30 % av den totale kostnaden i tilskott, maks kr 5000.
- Leiartrening/kurs
 - Inntil 50 % av faktiske utgifter maks kr 5000 totalt pr lag/tiltak.

For alle tiltak gjeld:

- Tildeling skjer på førehand og blir utbetalt etter innsending av rekneskap med kvitteringar.

- Det vil ikkje bli ytt stønad til drift og investering av desse midlane (kan søkje Vindafjord kommune).
- Søkjar skal informere om evt. andre tilskott til same føremål.

4. Korleis skal ein søkje?

Ein SKAL søkje på fastsett skjema til: Felles Utval for trusopplæring, v/leiar og kateket, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen (eller britt.karstensen@vindafjord.kommune.no). FUT handsamar søknadene etter kvart som dei kjem inn.

For spørsmål kan ein vende seg til kateket Britt Karstensen, tlf. 53656542/ 45221580.